

# Rettleiing av nyutdanna nytilsette lærarar i barnehage og skule

## Spor

Du går inn i ditt landskap.  
Møter mennesker som går forbi,  
som tar følge.  
Noen forlater du i neste kryss.  
Noen lar du bli med for alltid.  
Ingen kan ødelegge  
de vare sporene  
dere skapte sammen.

Halldor Skard




Foto: Kari Aas

## Innhald

1 Innleiing .....	3
2 Oppfølging - alle nytilsette i oppvekst.....	4
3 Oppfølging/rettleiing av nyutdanna nytilsette lærarar .....	5
3.1 Viktige omgrep .....	5
3.2 Nasjonale rammer .....	5
3.3 Prinsipp for rettleiing.....	6
4 Organisering, innhald og ansvar – lærarar i barnehage.....	7
4.1 Årshjul for barnehage.....	8
5 Organisering, innhald og ansvar – lærarar i grunnskulen.....	9
5.5.1 Rettleiaren si rolle i individuell rettleiing.....	9
5.5.2 Rettleiaren si rolle i rettleiing i gruppe .....	10
5.5.3 Årshjul for skule .....	11
6 Litteraturtips .....	12
7 Kjelder .....	15
8 Vedlegg .....	16

## 1 Innleiing

Det er ikkje alt ein kan læra gjennom utdanning; noko lærer ein først når ein kjem ut i yrket og kan nytta verktøya ein har lært og øvd på å bruka. Lærarar som utviklar seg og trivst bidreg til auka trivsel og læring for barn og unge.

Våren 2017 fatta Stortinget følgjande vedtak:

«Stortinget ber regjeringen i samarbeid med partene utforme nasjonale rammer for en veileddningsordning for nyutdannede lærarar som ivaretar at alle nytisatte omfattes av ordningen, og som gir rom for lokal tilpasning.»

Stord kommune har nytta den faglege rettleiinga frå Utdanningsdirektoratet i utarbeiding av ein lokal plan for rettleiing av nyutdanna nytisette lærarar i barnehage og i grunnskule. Nyutdanna lærarar skal få systematisk rettleiing dei to første åra i jobb (fast/årvikariat).

Lokalt kunnskapsgrunnlag er og bakgrunn for planen me har utarbeidd for å legga til rette for dei nyutdanna i kommunen, samt korleis ein kan inkludera dei som ein ressurs i barnehage- og skuleutvikling. Rettleiing er utviklande både for den nyutdanna si utøving av lærarrolla og for profesjonsfellesskapet. Barnehagane har gjennomført rettleiing sidan 2013, medan dette var nyt i Stordskulen frå hausten 2019.

I rettleiinga frå Utdanningsdirektoratet kan ein lesa at kvalifisert rettleiing skapar ein god overgang mellom utdanning og yrke og kan bidra til

- auka tryggleik når det gjeld å handtera og meistra arbeidssituasjonen og møtet med barna/elevane
- auka medvit om verdien av eigen kompetanse
- auka motivasjon og eit ynskje om å bli verande i yrket
- utvikling av profesjonsfellesskapet i barnehage og skule og betre trivsel for barn og elevar gjennom at både den nyutdanna og kollegaene vert involverte

Systematisk rettleiing av nyutdanna kan gjera det enklare for dei å omsetja teori til praksis. Me ynskjer at rettleiinga vert basert på tillit mellom rettleiar og nyutdanna, avsett tid til rettleiing, jamlege møte og kvalifiserte rettleiarar. Rettleiing er samtalar ein kan veksa på, skriv Elin Birkeland Markestad i boka *Veileddningsordning i skole og barnehage* (2019:64).

Planen er administrativt vedteken og gjeld frå 01.08.2021.

Mariann Jacobsen Hilt  
kommunalsjef oppvekst og kultur

## 2 Oppfølging - alle nytilsette i oppvekst

Det er alltid spennande å vera ny på ein arbeidsplass. Stord kommune ynskjer å inkludera alle tilsette på ein god måte, i tråd med kommunen sin kultur- og verdiplakat.



For å ramma inn nytilsette i oppvekstsektoren på ein best mogleg måte ynskjer me å ha ei årleg samling i september der alle som er tilsett i løpet av til kvar tid gjeldande kalenderår vert inviterte.

I møtet vil dei nytilsette få generell informasjon om kommunen som arbeidsgjevar og organisasjon, samt informasjon om kommunen sine verdiar, planar, retningsliner med meir.

Nokon nytilsette har avtale om ei strukturert rettleatingsordning på arbeidsplassen. Rettleiarane deira vert inviterte med i ein del av møtet. Samlinga skal vera i kommunestyresalen på rådhuset. Ressurspersonar frå til dømes fagavdelinga og førebyggande tenester vil bli inviterte inn i høve ulike tema på systemnivå.

Kvar arbeidsplass har ansvar for oppfølging av nytilsette i eiga eining.

## 3 Oppfølging/rettleiing av nyutdanna nytilsette lærarar

### 3.1 Viktige omgrep

Følgjande omgrep vert nytta i tråd med Kunnskapsdepartementet sine definisjonar:

#### Nyutdanna nytilsett lærar

Ein lærar er nyutdanna nytilsett dei to første åra som tilsett i barnehage eller skule etter ferdig grunnutdanning, i fast eller mellombels stilling.

#### Kvalifisert rettleiar

Ein kvalifisert rettleiar er ein lærarutdanna kollega som har formell rettleiingskompetanse, naudsynt fagleg kompetanse og minst tre års erfaring som lærar.

#### Rettleiing

Rettleiing er ein planlagd, systematisk og strukturert prosess som vert gjennomført individuelt og i gruppe.

### 3.2 Nasjonale rammer

Utforming av nasjonale rammer for rettleiing er eitt av tiltaka i strategiane «Lærerutdanning 2025» og «Kompetanse for fremtidens barnehage 2018-2022».

Dei nasjonale rammene består av følgjande tre punkt som er henta frå Kunnskapsdepartementet sin *Veileder for nyutdannede nytilsatte lærere i barnehage og skole* (side 2 og 3):

- Prinsipp og plikter for rettleiing av nyutdanna nytilsette lærarar i barnehage og skule
- Ei skriftleg fagleg rettleiing om korleis gode rettleiingsordningar kan utformast og gjennomførast lokalt
- Eit utdanningstilbod for rettleiarar

Rettleiinga skal skapa samanheng mellom profesjonskvalifiseringa i utdanninga og den vidare profesjonaliseringa som skjer i yrket. Nyutdanna lærarar kjem med oppdatert kompetanse som kan bidra til utvikling av profesjonsfellesskapet i den enkelte barnehage og skule. Det har derfor stor betydning korleis den nyutdanna vert inkludert i profesjonsfellesskapet og anerkjent som bidragsytar og ressurs.

Ansvaret for å ivareta nyutdanna nytilsette lærarar på ein god måte ligg lokalt hjå arbeidsgjevar, jamfør arbeidsmiljølova § 4-2, opplæringslova § 10-8, friskulelova § 5-2 andre ledd bokstav i) og rammeplan for barnehagen kap. 2.

Kvardagen i barnehagen og skulen krev kompetanse som ikkje kan utviklast gjennom utdanning aleine. For den nyutdanna vil særleg den første tida som lærar vera viktig og krevjande. Nyutdanna som får rettleiing er meir positive i vurderinga av sitt første arbeidsår enn dei som ikkje har fått rettleiing. Eit tillitsbasert forhold mellom rettleiar og nyutdanna, avsett tid til rettleiing, jamlege møte og rettleiarkompetanse er suksessfaktorar som vert trekte fram av både nyutdanna og rettleiarar.

Gjennom kvalifisert rettleiing kan den nyutdanna få tryggleik i å handtera og meistra arbeidssituasjonen og møtet med barna og elevane. Dei får og auka medvit om verdien av eigen kompetanse. Rettleiing kan på denne måten vera viktig for å halda på nyutdanna lærarar i barnehage og skule. Rettleiing som involverer både den nyutdanna

og kollegaer kan og virka utviklande for profesjonsfellesskapet i barnehage og skule, og bidra til betre trivsel og læring for barna/elevane.

Prinsipp for rettleiing og mål under er henta frå Kunnskapsdepartementet sin *Veileder for nyutdannede nyttsatte lærere i skole og barnehage* (side 6 og 7).

### 3.3 Prinsipp for rettleiing<sup>1</sup>

**Målet med rettleiinga er at alle nyutdanna pedagogar får ein god overgang frå utdanning til yrke gjennom likeverdige tilbod om rettleiing av god kvalitet, i tråd med Kunnskapsdepartementet sine prinsipp for rettleiing.**

Partene har blitt enige om å anbefale følgende prinsipper for veiledning av nyutdannede nyttsatte lærere i barnehage og skole:

#### Veiledningen

- er basert på forskning og erfaringsbasert kunnskap om veiledning av nyutdannede lærere og betydningen av videre profesjonsutvikling i yrket
- skaper en overgang mellom utdanning og yrke som både ivaretar og utfordrer nyutdannede i utøvelsen av læreryrket
- skaper en god sammenheng mellom den kvalifiseringen som skjer i utdanningen og videre profesjonsutvikling i yrket
- videreutvikler den nyutdannedes kompetanse og praksis
- inkluderer, anerkjenner og bruker den nyutdannede som ressurs og bidragsyter i profesjonsfellesskapet
- ses i sammenheng med øvrige kompetansetiltak i barnehage og skole
- tilpasses den nyutdannedes forutsetninger og behov
- tilpasses lokale forhold når det gjelder organisering og innhold
- motiverer den nyutdannede til å videreutvikle seg og bli værende i yrket
- gjennomføres og prioriteres på en systematisk måte de to første yrkesårene
  - gjennom avsatt tid til planlegging og gjennomføring hos både veiledere og nyutdannede
  - etter en strukturert og målrettet plan
  - med en hyppighet og et omfang som bidrar til læring og utvikling
  - både individuelt og i grupper
- utføres fortrinnsvis av kvalifiserte veiledere som holder seg faglig oppdatert og får muligheter til etter- og/eller videreutdanning
- bør fortrinnsvis gjennomføres av veileder som ikke har formelt lederansvar for den nyutdannede

<sup>1</sup> Tekst henta frå Kunnskapsdepartementet sine dokument er på bokmål.

## 4 Organisering, innhald og ansvar – lærarar i barnehage

Her seier rettleiaren: rettleiinga bør fortrinnsvis gjennomførast av rettleiar som ikkje har formelt leiaransvar. For barnehagen kan det vera for ressurskrevjande å ta ut to i rettleiingsøktene, og ein kan difor stundom måtta nyttja styrar som rettleiar.

Styrar i barnehagen har ansvar for at det vert utarbeida system for ein til ein rettleiing på arbeidsplassen. Fagavdeling OKU har ansvar for å setja i gang tilbod om nettverksrettleiing ved behov for det. For at kommunen skal setja i gang tilbod om det, må det minst vera tre nyutdanna lærarar i dei kommunale barnehagane. Kommunen vil også undersøkja om private barnehagar har nyutdanna lærarar som dei eventuelt ynskjer skal delta i kommunen si nettverksrettleiing.

Ved rettleiing i nettverksgruppe drøftar deltakarane problemstillingar som går att og deler erfaringar. Temaa på samlingane vert valt ut frå det dei nyutdanna har behov for. Val av metodar bør variera ut frå problemstilling. Det er viktig at samlingane er praksisnære og konkrete.

<b>Rettleiar – nettverksgruppe</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• har vidareutdanning i rettleiingspedagogikk</li><li>• har ansvar for planlegging og tilrettelegging av arbeidet i nettverksgruppa</li><li>• lagar ein plan for rettleiinga med bakgrunn i ynskje og behov</li><li>• Samlingane varer i to timer.</li><li>• Rettleiar kallar inn til møta</li><li>• skriv referat</li></ul>
<b>Rettleiar – arbeidsplassen</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• har yrkeserfaring og bør ha vidareutdanning i rettleiingspedagogikk</li><li>• får tid til å førebu og gjennomføra rettleiing</li><li>• lagar ein plan for rettleiingstimane med bakgrunn i ynskje og behov</li></ul>
<b>Arbeidsformer – nettverksgrupper og arbeidsplass</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Samtale/drøfting av aktuelle problemstillingar: både nyutdanna og rettleiar kan melda inn tema</li><li>• Samtale/rettleiing individuelt og i grupper: kontinuerleg vurdering av behov</li></ul>
<b>Aktuelle tema</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Leia ei barnegruppe</li><li>• Utfordringar i relasjon til enkeltbarn</li><li>• Barn med særlege behov</li><li>• Leiing og samarbeid med assistenter og fagarbeidarar</li><li>• Konflikthandtering og kommunikasjon - relasjonar til kollegaer og barn</li><li>• Samarbeid barnehage – heim</li><li>• Profesjonell utvikling - ta vare på seg sjølv</li></ul>

## 4.1 Årshjul for barnehage

Tidspunkt	Innhald	Ansvar
<b>August</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Nyutdanna lærarar får rettleiar på arbeidsplassen</li> <li>Informasjon om system, planar, m.m.</li> <li>Utarbeida plan for rettleiing på arbeidsplassen</li> </ul>	Styrar/rettleiar i barnehagen
<b>September</b>	<p>Nettverksamling for nyutdanna lærarar i barnehage</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Generell informasjon om kommunen som arbeidsgjevar og organisasjon</li> <li>Informasjon om kommunen sine verdiar, planar, retningslinjer, m.m.</li> </ul>	Kommunalsjef/barnehagefagleg rådgjevar/ rettleiar for nettverksgruppa  HVL deltek.
<b>Oktober</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Rettleiing i den enkelte barnehage</li> <li>Samling med rettleiarane i regi av HVL</li> </ul>	Rettleiar på arbeidsplassen HVL Stord
<b>November</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Rettleiing i nettverksgruppe</li> </ul>	Rettleiar for nettverksgruppa
<b>Desember</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Rettleiing i den enkelte barnehage</li> </ul>	Rettleiar på arbeidsplassen
<b>Januar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Rettleiing i nettverksgruppe</li> </ul>	Rettleiar for nettverksgruppa
<b>Februar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Rettleiing i den enkelte barnehage</li> </ul>	Rettleiar på arbeidsplassen
<b>Mars</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Rettleiing i nettverksgruppe</li> </ul>	Rettleiar for nettverksgruppa
<b>April</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Rettleiing i den enkelte barnehage</li> </ul>	Rettleiar på arbeidsplassen
<b>Mai</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Rettleiing i den enkelte barnehage</li> </ul>	Rettleiar på arbeidsplassen
<b>Juni</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Rettleiing i nettverksgruppe og oppsummering/evaluering av året</li> </ul>	Rettleiar for nettverksgruppa

## 5 Organisering, innhald og ansvar – lærarar i grunnskulen

Samarbeid om og gjennomføring av rettleiing skal vera sett i system for å kvalitetssikra det strukturerte rettleiingstilbodet dei nyutdanna lærarane får. Alle nyutdanna skal ha rettleiing dei to første arbeidsåra.

Rettleiing skal vera ein del av det ordinære undervisningsåret/læraren sin individuelle arbeidsplan og ikkje medføra meirarbeid.

### Individuell rettleiing

Den individuelle rettleiinga skal vera ein-til-ein. Rektor har ansvar for å planlegga skuleåret slik at den læraren som har ansvar for individuell rettleiing og den nyutdanna som får rettleiing gjennomfører åtte økter ( $8 \times 60$  minutt) som del av sine oppgåver i sine undervisningsårsverk. Dersom det ikkje let seg gjera, må ein som reserveløysing i nokre økter setja inn vikarar for dei to som er involverte i rettleiingsøktene, men ein skal som hovudregel legga timane inn i lærarane sine individuelle arbeidsplanar.

### Rettleiing i gruppe/nettverk i kommunen

Det første undervisningsåret får dei nyutdanna både individuell rettleiing ( $8 \times 60$  minutt = 8 timer) og rettleiing i gruppe (fire møte i året a to timer = 8 timer). Det andre undervisningsåret gjennomfører dei nyutdanna rettleiing i gruppe (fire møtepunkt). Rettleiar for gruppe/nettverk er tilsett i Stord kommune i denne funksjonen og planlegg og gjennomfører desse rettleiingsøktene.

Gjennom rettleiing i gruppe ynskjer ein å leggja til rette for at dei nyutdanna opplever eit fellesskap på tvers av skulane, i tillegg til profesjonsfellesskapet i eige kollegium.

### Nettverk med andre

Stord kommune samarbeider med Høgskulen på Vestlandet (HVL) og med Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS).

HVL arrangerer eigne nettverksmøte for rettleiarane ved grunnskulane i FOS. Desse møta kan kvar einskild føra inn i årshjulet når datoar for samlingar er bestemt og me har fått informasjon frå HVL.

### Utdanningstilbod

Tilskotet kommunen har søkt om til rettleiing av nyutdanna nytilsette lærarar i grunnskulen kan og nyttast til vidareutdanning i rettleiingspedagogikk. Dette må ev. drøftast med rektor og fagavdeling i god tid før søkerprosessen startar.

*For å kunna gi alle involverte best mogleg utbyte av rettleiingsordninga, er det viktig at rektor kvar vår informerer Fagavdeling for oppvekst og kultur om kven som er nyutdanna nytilsette ved skulen frå hausten og kven som er rettleiarar med ansvar for individuell rettleiing.*

Per dags dato er det Eirik Strømme Spjeld som er tilsett i funksjon rettleiar for gruppe, jamfør kapittel 5.5.2 for meir informasjon om denne rolla. Rettleiar for gruppene samarbeider med Fagavdeling for oppvekst og kultur om organisering av gruppene.

### 5.5.1 Rettleiaren si rolle i individuell rettleiing

I individuell rettleiing skal rettleiar og nyutdanna lærar ha avtalte rettleiingsøkter det første undervisningsåret. I tillegg til samtalar kan rettleiaren til dømes:

- observera den nyutdanna eller basera rettleiing på erfaringsutveksling.
- arbeida i team med den nyutdanna.
- planleggja og gjennomføra undervisning saman med den nyutdanna.

- lesa same fagtekst før møtet og samtala om teksten med utgangspunkt i praksis.
- gjennomføra oppfølgingssamtalar med den nytdanna.

Aktuelle tema i rettleiingsøktene kan vera:

- ✓ klasseleiing
- ✓ tilpassa opplæring
- ✓ vurdering for læring
- ✓ læringsmiljø
- ✓ samarbeid skule – heim
- ✓ profesjonell utvikling - ta vare på seg sjølv

Ulike tema for rettleiing i skule kan ein og henta frå Rambøll 2016 (i Markestad 2019:22), til dømes rolla som kontaktlærar, arbeidsmåtar i fag, foreldresamarbeid, individuell opplæringsplan osb.

I første møte skriv nytdanna og rettleiar ein kontrakt. Sjå døme/vedlegg til planen. Rektor har ansvar for at rettleiar er kjend med mal for kontrakt og kommunen sin plan for rettleiing.

Rettleiar og nytdanna skal i august saman laga ei oversikt over kva tema øktene skal ha slik at begge partar kan førebu seg. Det er viktig at rettleiaren vel nokre tema som er aktuelle basert på erfaring, til dømes gjennomføring av utviklingssamtalar og foreldremøte, samstundes som den nytdanna kan koma med tema som han/ho synest er utfordrande eller ynskjer drøfta. Bruk årshjulet i kapittel 5.5.3 som ramme og fyll ut dei temaa som er bestemt. Tema/innhald i øktene kan sjølv sagt verta endra i løpet av skuleåret dersom ein i gjennomføringa av planen finn det naudsynt å improvisera.

Det er rettleiaren som har ansvar for å ferdigstilla tidsplanen med temaoversikt og dela denne med nytdanna lærar og rektor.

### 5.5.2 Rettleiaren si rolle i rettleiing i gruppe

Ved rettleiing i nettverksgruppe drøftar deltagarane problemstillingar som går att og deler erfaringar, gjerne basert på rettleiingspedagogikk. Tema på samlingane vert valde ut frå det dei nytdanna lærarane har trøng for. Val av metodar bør variera ut frå problemstilling. Det er viktig at samlingane er praksisnære og konkrete.

Rettleiar for gruppene sine oppgåver er å:

- organisera rettleiinga.
- kalla inn til nettverksmøte med lærarane som underviser første arbeidsår (maks fire møte a 2 timer).
- kalla inn til nettverksmøte med lærarane som underviser andre arbeidsår (maks fire møte a 2 timer).
- leia samtale om tema for rettleiing.
- vurdera organisering og innhald gjennom året i samarbeid med Fagavdeling for oppvekst og kultur.

### 5.5.3 Årshjul for skule

Utkast til rammer for rettleiinga som skal gjerast ferdig av rettleiar i august:

Tidspunkt	Møtepunkt <sup>2</sup>	Innhold	Ansvar	Vurdering
August	Første individuelle rettleatingsøkt ved skulen	Den nyutdanna læraren får <ul style="list-style-type: none"> <li>• rettleiar på arbeidsplassen.</li> <li>• skriva kontrakt om rettleiing.</li> <li>• informasjon om system og planar.</li> <li>• vera med og planlegga tema for rettleatingsøktene.</li> </ul>	Rektor og rettleiar ved skulen	
September	Nettverkssamling for alle nytilsette i oppvekst i første arbeidsår Stad: Rådhuset	Den nyutdanna læraren får: <ul style="list-style-type: none"> <li>• generell informasjon om kommunen som arbeidsgjevar og organisasjon.</li> <li>• informasjon om kommunen sine planar, retningsliner, verdiar m.m.</li> </ul>	Kommunalsjef oppvekst og skufagleg-/barnehagefagleg rådgjevar	Rettleiar for grupper og HVL Stord deltek.
	Individuell rettleiing ved skulen	Tema:		Rettleiar ved skulen
Oktober	Rettleiing i grupper første og andre undervisningsår	Tema gruppe 1:  Tema gruppe 2:		Rettleiar for gruppe 1 og 2
	Individuell rettleiing ved skulen	Tema:		Rettleiar ved skulen
	HVL Stord	Møte med rettleiarane		HVL inviterer til samling
November	Rettleiing i grupper første og andre undervisningsår	Tema gruppe 1:  Tema gruppe 2:		Rettleiar for gruppe 1 og 2
Desember	Individuell rettleiing ved skulen	Tema: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Undervegsvurdering av ordninga</li> </ul>		Rettleiar ved skulen
Januar	Individuell rettleiing ved skulen	Tema:		Rettleiar ved skulen
Februar	Rettleiing i grupper første og andre undervisningsår	Tema gruppe 1:  Tema gruppe 2:		Rettleiar for gruppe 1 og 2
Mars	Individuell rettleiing ved skulen	Tema:		Rettleiar ved skulen
April	Rettleiing i grupper første og andre undervisningsår	Tema gruppe 1:  Tema gruppe 2:		Rettleiar for gruppe 1 og 2
Mai	Individuell rettleiing ved skulen	Tema:		Rettleiar ved skulen
Juni	Individuell rettleiing ved skulen	Tema: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vurdering av ordninga</li> </ul>		Rettleiar ved skulen

<sup>2</sup> Tidspunkt for rettleiing i gruppe og individuelt kan endrast i samarbeid med dei involverte.

## 6 Litteraturtips


Nyttige lenker:

Veiledning av nyutdannede – hvordan kan det gjennomføres? <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/veiledning-av-nyutdannede/hvordan-kan-det-gjennomfores/#lenker-til-nyttige-ressurser>

Veiledning for nyutdannede lærere i barnehage, grunnskole og videregående opplæring  
<https://www.nyutdannede.no>

Liste med litteraturtips utarbeidd i samarbeid med HVL Stord:

	Markestad, E. B. (2019). <i>Veiledningsordning i barnehage og skole</i> . Gyldendal
	Tveiten, S. (5. utgave 2019). <i>Veiledning - mer enn ord</i> . Fagbokforlaget
	Bergkastet, I., Dahl, L. og Hansen, K. A. (2009). <i>Elevenes læringsmiljø - lærerens muligheter</i> . Universitetsforlaget.

	<p>Barsøe, L. (2014). <i>Personalutvikling gjennom veiledning i barnehagen</i>. Kommuneforlaget.</p>
	<p>Lejonberg, E. og Føinum, M. (2018). <i>Hva er god veiledning?</i> Fagbokforlaget.</p>
	<p>Engvik, G. og Østern, A-L. (2016). <i>Veileddningspraksiser i bevegelse</i>. Fagbokforlaget.</p>
	<p>Høihilder, E. K. og Olsen, K-R. (2010) (Red). <i>Veileddning av lærere i skole og barnehage</i>. Pedlex.</p>



Smith, K. og Ulvik, M. (2019). *Veiledning av nye lærere. Nasjonale og internasjonale perspektiver*. 2.utgave (Red). Universitetsforlaget.

## 7 Kjelder

Kunnskapsdepartementet. 2018. Veiledning av nyutdannede nyttsatte lærere i barnehage og skole.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/0081e41fad994cfdbb4e0364a2eb8f65/veileding-av-nyutdannede-nyttsatte-larere-i-barnehage-og-skole.pdf>

Kunnskapsdepartementet. Kompetanse for fremtidens barnehage.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/437c8d37eb3d48719efcb9d22b99408c/kompetansestrategi-for-barnehage-2018---2022.pdf>

Kunnskapsdepartementet. Lærerutdanning 2025 – nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærerutdanningene.

[https://www.regjeringen.no/contentassets/d0c1da83bce94e2da21d5f631bbae817/kd\\_nasjonal-strategi-for-larerutdanningene\\_nett.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/d0c1da83bce94e2da21d5f631bbae817/kd_nasjonal-strategi-for-larerutdanningene_nett.pdf)

Markestad, Elin Birkeland. 2019. *Veiledningsordning i skole og barnehage*. Gyldendal.

Nettverk for nyutdannede lærere <https://www.nyutdannede.no/kunnskapsbasen>

Utdanningsdirektoratet. 2019. Veiledning av nyutdannede – hvordan kan det gjennomføres? <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/veileding-av-nyutdannede/hvordan-kan-det-gjennomfores/#lenker-til-nyttige-ressurser>

Veiledning for nyutdannede lærere i barnehage, grunnskole og videregående opplæring

<https://www.nyutdannede.no>

## 8 Vedlegg

Døme på rettleiingskontrakt (inspirert av Markestad 2019:66):

### **Rettleiingskontrakt**

Kontrakten har som føremål å skildra kva partane er forplikta å gjera i høve rettleiing gjeldande skule-/barnehageår.

Partane er nyutdanna lærar, rektor/styrar og rettleiar.

Rettleiar skal i samarbeid med rektor/styrar og den nyutdanna avtala møtetidspunkt for individuell rettleiing. Dei nyutdanna i kommunen vil og få tilbod om rettleiing i gruppe. Møta skal vera i arbeidstida. Alle har teieplikt.

Skulen/barnehagen skal arkivera kontrakten.

Dato:

Rektor/styrar:

Skule/barnehage:

Rettleiar:

Nyutdanna lærar: